



1901 • Aktiv idrett i 100 år • 2001

# PROSPEKT ROSENDAL STADION KUNSTGRAS





# **PROSPEKT ROSENDAL STADION KUNSTGRAS**

- 1 BAKGRUNN**
- 2 FINANSIERING / ØKONOMI**
- 3 FRAMDRIFT**



# FULL "TRØKK" MED MINI-CUP





## 1 BAKGRUNN

Rosendal Turnlag er største frivillige organisasjonen i området og fotballgruppa største undergruppe. Ønskje er at kommunen som byggherre byggjer kunstgrasbane på 64 x 100 meter. Denne vil spesielt vere for bruk av barn og ungdom.

### Rosendal Turnlag, fotballgruppa sitt naturlege nedslagsfelt er:

Rosendal  
Seimsfoss  
Omvikdalen  
Løfallstrand  
Ænes, Mauranger  
Åkra, Matre

### Antall barn og ungdom som er med i fotballgruppa:

Skule	JENTER		GUTAR	
	Antall	Prosent	Antall	Prosent
Omvikdalen skule	20	57%	27	75%
Malmanger skule	45	68%	59	73%
Ros. ungdomskule	38	46%	47	65%

**Totalt er det med i RT, fotballgruppa. 6-12 år : 64% av jenter og 73% av gutar**

**Totalt i kommunen er tilsvarende tall: 6-12 år: 18,1% av jenter og 63,6% av gutar**

Som det går fram av tala er særleg antall aktive jenter svært høgt i forhold til tilsvarende tal i kommunen. Men vi ser også at fråfallet byrjar alt i ungdomsskulealder, noko som m. a. kan ha samanheng med at anleggsituasjonen i Rosendal ikkje er god nok.



FOTBALLSKULEN

# GRUSBANEN I DÅRLEG STAND





### **Rosendal Turnlag, fotballgruppa sine lag/aktiviteter. (forventa i 2007)**

25 lag (2 seniorlag, 6 ungdomslag, 17 barnelag)

300 aktive

50 trenarar og lagleiarar som kvart år legg ned eit betydeleg frivillig arbeid for born og unge

10 tillitsvalgte

50 støttespelarar

Fotballskule kvar sumar, sist år med 83 deltakarar og 20 instruktørar

Eit forsiktig tal skulle tilseie 80 timer med trening og kampar pr veke i sesongen, og minst 15000 timar frivillig arbeid i året.

### **Banekapasitet:**

Rosendal – grasbane	104 x 64 meter	God kvalitet
Rosendal – grusbane	97 x 57 meter	Dårleg

Rosendal Turnlag, fotballgruppa samarbeider med Uskedal idrettslag om ein del lag. Dette medfører at litt aktivitet kan flyttast til banane i Uskedalen.

Dette gjeld ikkje barn og ungdom som skal ha tilbud i nærmiljøet.

Samarbeidet er mest for at ungdommar i Uskedalen (elevar på Rosendal ungdomsskule) skal få eit fotballtilbod.

Dersom det er små årskull i området vil felles lag gje eit betre tilbod til born og unge i begge bygdene.

### **Behov for ny bane.**

Om vinteren er ikkje grusbane god. Det kan vere lite grus og generelt er banen i dårleg stand. I sesongen er det ofte slik at om grusbane er stengt er og grusbane stengt eller i svært dårleg forfatning med mykje overvatn.

Dette kan ofte gjere det vanskeleg å spele kampar på full bane (11 èr lag)

I sesongen er det mykje kampar og dette medfører at trening må foregå på andre banar.

Vi har dårleg tilgang på innandørstrening om vinteren. Gymnastikksalen i Rosendal er full av aktivitet frå tidleg ettermiddag til langt på kveld.

Det er viktig med gode treningsforhold for å behalde ungdommane innan idretten. Det er stort fråfall, særleg blant jentene. For Rosendal Turnlag, som alltid har vore ein føregangsklubb for jentefotball, er det viktig å gje jentene gode tilhøve som kan vere med å hindre fråfall. Dette er eit problem som både idretts- og fotballforbund er oppteken av.

Ei kunstgrasbane vil alltid vere open og invitere til aktivitet. Vi trur at den også vil invitere til auka uorganisert aktivitet, og slik ha ei viktig sosial rolle i nærområdet.

For skulane i nærområdet vil ei oppgradering til kunstgras føra til mykje større aktivitet. Særleg for ungdomsskulen, som har eit dårleg uteområde vil ei kunstgrasbane vere eit stort aktivum.



### **Kunstgras bane vil føre til:**

Betre treningsforhold/underlag, spesielt om haust og vinter.  
Betre kampunderlag  
Mindre fråfall av idrettsungdom  
Betydeleg meir uorganisert aktivitet.  
Betre og fleire spelarar  
Betre oppvekstvilkår  
Enklare å rekruttera trenarar og leiarar  
Kunstgrasbana vil kunna auka tilbodet til turistar og gje betre  
mogelegheiter til treningsleirar, som vil auka aktiviteten i  
bygda.



*Rosendal Turnlag får Kvinnherad kommune sin kulturpris.*



## 2 FINANSIERING / ØKONOMI

<b>Kostnader:</b>	Rigging/Planlegging	100.000.-
	Grunnarbeid (eksisterende bane)	100.000.-
	Oppbygging ny grunn	1.300.000.-
	Toppdekke, kunstgras & asfaltering	1.750.000.-
	Lysanlegg	600.000.-
	Murer, gjerde og ballfanger nett	150.000.-
	Testing og årlig befarings (5 år)	100.000.-
	Prosjekt oppfølging	150.000.-
	Diverse	250.000.-
	<hr/>	
	TOTALT (eksl. m.v.a.)	4.500.000.-
	Inkludert m.v.a. vert det	5.625.000.-

<b>Finansiering:</b>	Spelemidler	1.875.000.-
	Kommunalt tilskot	1.875.000.-
	Rosendal Turnlag	1.875.000.-
	<hr/>	
	TOTALT (inkl. m.v.a.)	5.625.000.-

### Finansiering Rosendal Turnlag:

	Eigenkapital RT hovedlag	300.000.-
	Eigenkapital RT fotballgruppa	200.000.-
	Dugnad	300.000.-
	Rabatter	300.000.-
	Gåver	475.000.-
	Gjenbruk av lysanlegg (eksisterende)	300.000.-
	<hr/>	
	TOTALT (inkl. m.v.a.)	1.875.000.-

<b>Tilskot kommune</b>	2008	937.500.-
	2009	937.500.-
<b>Spelemidler</b>	2008	937.500.-
	2009	937.500.-
	<hr/>	

Dvs at det må mellomfinansierast i perioden: 3.750.000.-

Avdragsfritt lån	3.750.000.-
Rentesats:	5,5 %
Årlige rentekostnader	206.250.-



### 3 FRAMDRIFT

Spelemiddelsøknad	15.01.2007
Møte med kommune/leverkårskomite	27.02.2007
Kommunal garanti, lån	01.04.2007
Kommunalt tilsagn om finansiering	01.04.2007
Sende ut på anbud. Grunnarb. og gras	10.04.2007
Velge leverandører	10.05.2007
Start grunnarbeid	01.07.2007
Start legging av gras	01.09.2007
Åpning	01.10.2007
Ferdig prosjekt (murer/gjerde o.l.)	01.11.2007





# NORWAYCUP

## **ROSENDAL TURNLAG:**

1 SØLV og 3 BRONSE  
I VERDENS STØRSTE  
FOTBALLTURNERING



